Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 | Fylke: Opland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: V. Gausdal

Emne: Beit og Brom | Bygdelag: '

Oppskr. av: Haakon Bø | Gard: Sør-Bø.

(adresse): Bødal | G.nr. 56 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.
Beit hev vore mykje nytta her i bygda og er nytta litt no og i forknipa tid våren.
Her i bygda er som beit bruka tìmme mestae av bjørkeris, men i gamle dagar var det og mykje bruka å køyre heim til garden småbusken av gran. Desse vart gjevne til geit og sau. Ofte bare inn i sau- og geitebus så dyra fekk dei der eller dei vart reist up ute i snøen so dyra kom til dei ute.
II Karane, brukt ris' noko serleg nevning på hentinga av riset hev og ikkje køyrd og nokon serleg slede til risen trur eg ikkje er brukt her i bygda.
III. Ris vart nok mest nytta ut-etter etterjulsvinteren og mest um våren. I gamle dagar vart det henta mykje ris i fjellet her og køyrd heim. Risen vart bunden saman

1187

i byrder (ei bit tjukk l.) og ein 6-10 slike lagt på lasset. Denne risen frå fjellet var nok mest køyra heim før jol.

Det hev vore bruka å køyrd heim heile tre um våren (mars april) og lagt desse utean so saui og geit hev gnage ~~[illegible]~~ av borken og ete upp dei minste kvistene.

Denne veden vart mykje bruka til sumarved. Den turka fort då den var snaugnagen. Denne måten er av og til brukt no og, men ikkje mange stader.

IIII. Når ein skulde „brota ris" vart det nytta lauvkniv, av det slaget som brukas no. Før var dei heimesmidd, men forma var sumleg som no.

V. Det var og er mest kua som fekk og fær riset. Det er brote i so små kvistar at ho får det slik det er brote. Nokre hev hakka risen på hakkmaskin og gjeve dette til kua. I båe tilfelle „lite eta".

VI. Det riset som vart brote i fjellet vart lagt i lag ute og bore inn i fjøset når det skulde brukast. Geit og saui vart, som nemnt før, slept ut for å „bite beit og bar" For nokso lenge sidan var og storfeet slept ut i rishaugen ein tur om dagen, men det er snart lenge sidan det hev vore gjort her i bygda.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

VII. Denne skikken hev eg ikkje høyrt om.

Eg kjem på å nemne noko om namnet „Risbit" i dette høve. Det er brukka no og på ungsauen til år gamle. Fyrste vinteren dei levde gjekk dei truleg i „rishaugen" og fekk sikkert lite annan mat. Derav namnet —Risbit.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY